

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF  
**DATO:** 12.12.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Arve Varden/Øystein Helleseth  
**SAKA GJELD:** **Løypemelding økonomiske tiltak**  
**ARKIVSAK:** 2023/5174

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
19.12.2023

**STYRESAK:**  
084/2023

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Førde HF tek sak om status tiltak til vitende og ynskjer fortløpande informasjon om utviklinga.

## Bakgrunn

Dei økonomiske rammevilkåra har blitt strammare dei siste åra trass i auka rammer frå HOD. Inflasjonen, lønnsauke og renteutviklinga har vore høgare enn føresett i budsjetta. I tillegg har medisinsk utvikling og teknologisk utvikling medført auka krav til spesialisering, utdanning og investering.

I forhold til inntekter er tal innbyggjarar ein svært viktig faktor. I opptaksområdet til Helse Førde er utviklinga i folketalet forventa å vere null, jamfør Statisk sentralbyrå. Dette betyr at i beste fall er veksten i inntektene flat, men sidan andre føretak i Helse Vest har ein forventa auke i folketalet risikerer Helse Førde at inntektene kan gå ned.

Dette er svært krevjande med tanke på å sikre og utvikle gode og likeverdige spesialisthelsetenester til innbyggjarane i området Sogn og Fjordane. Det er derfor svært viktig at Helse Førde tilpassar drifta i forhold til medisinsk utvikling og krav til spesialistkompetanse. Dette er ein føresetnad for å behalde og rekruttere rett kompetanse. Det er spesielt viktig på lengre sikt med tanke på mangel på fagfolk, noko som er sentralt i rapport frå Helsepersonellkommisjonen. Eit viktig tiltak for å handtere auka behov for spesialisthelsetenester og mangel på fagfolk er digitalisering og automatisering. Samla krev dette investeringar i IKT, medisinsk teknisk utstyr og funksjonelle bygg.

Det er derfor svært viktig at det er balanse mellom drift og investering på lengre sikt. Administrerende direktør si vurdering er at styringsfarten, det vil seie kostnader knytte til drift, er for høg i forhold til dei langsiktige økonomiske rammevilkåra. Dette har medført redusert investeringsevne, noko som er svært krevjande med tanke på utviklinga og omstillinga som skjer i spesialisthelsetenesta.

I 2022 vart resultatet 3,5 millionar kroner, som var 26,5 millionar bak eit budsjett på 30 millionar. Administrerende direktør har tidlegare kommunisert at ein truleg vil få eit betre resultat enn prognosen frå september, som var 50 millionar bak budsjett. På bakgrunn av resultatet i november har ein justert ned prognosen til 40 millionar bak budsjett, noko svarer til eit resultat på minus 20 millionar. Dette må vurderast som eit forsiktig estimat da årsoppgjersposteringar normalt har positiv effekt på resultatet.

For 2024 er utfordringsbildet estimert til 130 millionar kroner. Administrerende direktør har fortløpande hatt fokus på styringsfarten og gjennom dei årlege budsjettprosessane har innsparingskravet vore på om lag 10 millionar kvart år. Basert på styringsfarten i 2023 og utfordringsbiletet ein ser i 2024 har ein satt i gang ein større prosess for å finne tiltak som gjer at ein får tilpassa drifta til dei forventa langsiktige økonomiske rammevilkåra.

## Proessen

I førre styremøte vart det i møte gitt ei orientering om prosessen og status på dei største tiltaka. Alle tiltaka som er meldt inn vert vurderte i forhold til fag, rekruttering og økonomi. Dei er delt inn i fire hovudgrupper:

1. Tiltak som krev analyse
2. Tiltak som krev forankring i FTL
3. Tiltak som er drift og må handterast i linja
4. Tiltak som ikkje er aktuelle.

Kor langt ein har kome med dei ulike tiltaka varierer i forhold til kapasitet, kompleksitet og involvering. Administrerande direktør finn det naturleg å halde styret orientert om prosessen og konsekvensane fortløpande. Nokre av tiltaka vil krevje forankring og vedtak av styret, medan andre vil kunne handterast administrativt.

I oversikten under viser tiltak som krev vidare analyse.



I styremøte 19. desember 2023 vil det bli lagt fram eigne saker knytt til:

- «Vurdere tenestetilbodet innan TSB og tilbodet på Tronvik»
- «Vurdere kva tenestetilbod vi skal ha i Florø»

I tillegg vil tiltaket «Redusere investeringsbudsjett og vedlikehald av bygg» vere ein del av styresaka knytt til budsjett 2024.